

Kyrjeklokka

Nr 2 - 2023

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

87. årgang

Bispevigsling i Bergen

Minneord Jon Ytrehorn

Kyrkjevalet

Naustmesse i Nordsida Kyrkje

Konfirmantane 2023

Pinsevandring for skulen

Konfirmantane laga gudsteneste



Fjordferd i Utvik
Foto: Geir-Ståle Vatnamo

Offiseren i Kapernaum



Mari Saltkjel, prost
i Nordfjord

5 Då Jesus gjekk inn i Kapernaum, kom det ein offiser til han og bad om hjelp: 6 «Herre», sa han, «tenesteguten min ligg lam heime og har svære plager.» 7 Jesus sa: «Eg skal koma og lækja han.» 8 «Herre», svara offiseren, «eg er ikkje verdig til at du kjem inn under mitt tak. Men sei berre eit ord, så blir

tenesteguten min lækt. 9 For eg må sjølv lyda dei som er over meg, og eg har soldatar under meg. Seier eg til éin: 'Gå!' så går han, og til ein annan: 'Kom!' så kjem han, og til tenaren min: 'Gjer dette!' så gjer han det.» 10 Då Jesus høyrde det, undra han seg og sa til dei som følgde han: «Sanneleg, eg seier dykk: Ikkje hos nokon i Israel har eg funne slik ei tru. 11 Og det skal de vita: Mange skal koma frå aust og frå vest og sitja til bords med Abraham og Isak og Jakob i himmelriket. 12 Men borna av riket skal kastast ut i mørkret utanfor, der dei græt og skjer tenner.» 13 Og Jesus sa til offiseren: «Gå! Det skal skje, slik du trudde.» Og tenesteguten vart frisk i same stunda. Matteus 8;5-13.

Når eg les fortellinga om den dagen Jesus møtte offiseren i Kapernaum, er det som å høyre folkekyrkja ta sine aller fyrste stablande steg.

Offiseren styrte over rundt 100 soldater, menn som hadde våpen til å utgjere ein trussel for den vesle byen. Vi veit ikkje kva han heitte, i teksten blir han bare omtalt som «ein offiser». Han er i tradisjonelle auger «ein hedning», ein som dessutan er med på å okkupere Kapernaum ved Genesaretsjøen. Dette var ein by Jesus hadde sterk tilknytning til. Det er som opplagt for dårlig stemning. Jesus og offiseren har gode grunner til å ikkje ville ha noko med kvarandre å gjere.

Likevel møter dei kvarandre, og denne offiserens møte med Jesus har noko å lære oss som er ein del av folkekyrkja i Nordfjord i dag.

Mange av oss lever eit religiøst liv som ikkje så tydeleg er prega av intensitet, men likevel religiøse liv som er viktig for oss. Og når vi kjem til kyrkja, då vil vi gjere som offiseren i teksten; vi forventer å bli tatt på alvor. Vi som gjer teneste i kyrkja møter stadig menneske som kjem til kyrkja med forventning om at kyrkja skal stå for eit slags kompass i ord og handling. Ofte viser det seg at dei har mykje meir tru enn vi aner før vi får møte dei – ansikt til ansikt.

Vi har alle ulike roller og tenester i ei kyrkje – og oppgåva vår som tilsette i kyrkja i vår tid er å stå i teneste for den breie folkekyrkja. Den folkekyrkja som rommar dei 5000 som lyttar ein dag dei får høve til det og dei bekjennande tolv, dei som vier sitt liv for å høyre Jesus til.

I folkekyrkja vår er det mange som er som offiseren i Kapernaum. Han var ikkje i synagoga lørdagen før. Han som ikkje har eit bønoliv eller en religiøs praksis som det er fortalt om. Han vitnar ikkje heller sjølv om eiga tru. Men likevel uttrykker han tillit, han treng hjelp for slaven sin og han vender seg til Jesus for å få den hjelpa.

Som prest legg eg stadig merke til den unike inngang vi i kyrkja har i menneskes liv. Folkekyrkja består av menneske som treng og stolar på oss. Folk høyrer på oss. Oppdraget vårt er det same som Jesus tok på seg for over 2000 år sidan – han som lytta til det offiseren frå den romerske okkupasjonsmakta hadde å seie. Han som tok offiseren på alvor og som – viste at når vi bare ber om eitt ord til hjelp i vår nød,

då møter Jesus oss med eit heilt evangelium om nåde og ei ny framtid – til og med for ein fattig slave og ein slaveeigar som ikkje høyrer tradisjonen til.

Som kyrkje botnar vi i andre ideal enn dei vi ofte ser i samfunnet rundt oss – vi høyrer til han som forkynte den fred som overgår all fornuft. Vi høyrer til han som lytta til det ein offiser frå den romerske okkupasjonsmakta trengde. Han som i dagens evangelium har vist oss folkekyrkjas lange tradisjon – ein folkekyrkjetradisjon som tok sine aller fyrste stablande steg for mange tusen år sidan.

Kyrkjeklokka

www.stryn.kyrkja.no - arkfane: kyrkjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret er: Geir Ståle Vatnamo

Forretningsfører - abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik, Rindane 6, 6788 Olden.
Tlf 990 28 076
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenten er frivillig
Vi takkar for betaling og støtte

Takk for alle innsende bidrag til Kyrkjeklokka

Ynksjer du å støtte kyrkjeklokka?

Her er infoen du treng for å gjere nettopp det:

Du kan betale på VIPPS nr 583131,
eller til konto nummer: 0538 18 51054.

Det enklaste er fast trekk frå din eigen bankkonto kvart år i desember eller januar. Då gløymer ein det ikkje. Banken gjer jobben automatisk.



(Du kan også skanne denne koden på vipps istaden for å skrive inn vipps nummeret)



Sommarkonsert i Olden Gamle Kyrkje 2. juli kl. 12.00

Songar Elisabeth Gimmestad, organist Marthe Aa og saxofonist Camilla Hole, alle frå Gloppen, gler seg stort til å halde konsert i Olden Gamle Kyrkje 2. juli kl.12.00. Det blir ein akustisk og stemningsfull konsert med viser, salmar, folke-melodiar og sommarsongar. Musikanane spelar også fleire forskjellige instrument og er alle glade i å synge, så dei som kjem kan vente seg både trekkspelvals, sjøfløytemelodiar og fleirstemt song. Hjerteleg velkomne



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Kven skal passe hagen?



Slik står det skrive i 1. Mos 2,15: «Så tok Herren Gud mennesket og sette det i Edens hage til å dyrka og passa han».

I koronatida oppdaga eg ein sti som går nesten rett opp frå huset eg bur i, til han møter ein gammal traktorveg som går ganske flatt gjennom skogen og fram til vegen om lag der byggefeltet i Hogane sluttar. Eg går der ganske ofte. No om dagen kan eg blant anna nyte lyden av bekkebrus og fuglesong og synet av mørkeblå skogfiolar og litt mindre, lyseblå myrfiolar. Eg kjenner at turen gjer meg godt. Det er grundig dokumentert kor bra slike turar er for liv og helse. Dei som har studert dette slår fast fylgjande:

Turar i skog og mark fører til

- Skjelettet blir sterkare
- Muskulaturen blir styrka
- Det motverkar overvekt
- Søvnnkvaliteten blir betre
- Det motverkar angst og depresjon

Etter berre 4-5 minutt ute i natu-

ren går puls og blodtrykk ned, og mengda av stresshormon i kroppen minkar. Dette handlar altså ikkje om trening, men om livet ute i naturen.

Ja men, dette visste då bestemor og. Er du nedtrykt skal du gå tur i furuskogen, det var hennar klare råd.

Det er altså ikkje noko nytt her, vi treng naturen, og det ser ut som vi treng han meir enn før. All ære til dei som legg til rette og held ved like stiar, skiløyper og slalåmbakkar. Takk for varda stiar og opne turisthytter i fjellheimen. Takk til lag og organisasjonar som tek born og unge med ut i naturen. Takk til bønder og alle andre som syter for at vi framleis kan sjå «skogkledde åsar og grasgrøne rindar» som det står i Nordfjordsongen. Vi treng naturen, men jammen treng naturen oss også. Gud gav oss hagen til å dyrke og passe han. Vi veit vel alle korleis det står til med dyrkinga, bøndene får for lite betalt, gardar blir lagde ned, god matjord blir nedbygd av vegar og bygningar. Og

korleis går det med å passe på den gode naturen vår? Det ser ut til at mest same kva vi gjer som skal gi oss inntekt, så råkar det naturen på eitt eller anna vis. Og det er lovverk og politikarane vi har valt som skal forvalte både naturen og all annan rikdom. Men vi må ikkje gløyme at all endring startar på grasrota, med deg og meg, og vi må hugse at kyrkja har klare standpunkt for å vern av menneske og natur. Vi gir ikkje opp.

Og kjennest det likevel håpløst får vi bruke bestemor (og forskarane) sitt råd: Lat oss gå ein tur i furuskogen.

BØN FOR JORDA, VÅR HEIM I KOSMOS

Herre, du har gitt oss jorda, vår heim i kosmos.

Med skjøre trådar har du vove oss saman i hennar vakre vev. Gi oss innsikt, så vi vernar henne.

Gi oss handlekraft, så vi steller godt med henne.

Gi oss kjærleik, så vi elsker henne.



DEN NORSKE KYRKJA

Stryn kyrkjelege fellesråd

Kyrkjevevja

Kari Synnøve Muri

Skifergang ved Olden gamle kyrkje



Det har i lang tid vore ynskje frå både sokneråd og andre, om å få eit stabilt og jamt dekke på gangvegen frå porten og til hovudinngangen til Olden gamle kyrkje. Dette tiltaket står ikkje på den prioriterte tiltakslista til Fellesrådet, men Olden sokneråd tok på seg å forskottare tiltaket om det kunne gje ei snarleg løysing.

Det var ein god del skifer til overs

etter hellelegging på minnelunden i Oppstryn, og skiferlegging vart vurdert som ei teneleg løysing for Olden gamle kyrkje, der det for få år sidan vart fullført mur kring kyrkja med nettopp bruk av skifer. Tiltaket vart godkjent, og Anleggsgartnar J.E. Sandal har utført det fine arbeidet som vart ferdigstilt til 17. mai.



kyrkjaiindrenordfjord



kyrkja i indre nordfjord



stryn.kyrkja.no

Kyrkja i Indre Nordfjord



Stryn kyrkjekontor

Tlf 57 87 61 80 Rognehaugen 11, 6783
Stryn kyrkja@stryn.kommune.no
www.stryn.kyrkja.no
må, (ty 10:00-), on, to, fre 09:00 - 15:00

Kyrkjevevja Kari Synnøve Muri Mobil
913 27 882 kari.muri@stryn.kommune.no

Sekretær Margrete Lillestøl Sekretær
Anne L. Honningsvåg

Oppstryn - Loen - Nedstryn

Mobil 916 01 630 sokneprest Henny
Koppen henny.koppen@stryn.kommune.no

Randabygd - Nordsida

Mobil 413 75 495 sokneprest Hege
Høbye hege.hoibye@stryn.kommune.no

Utvik

Mobil 986 54 244 vikarprest Beate Nes
beate.nes@stryn.kommune.no

Innvik - Olden

Mobil 404 73 335
vikarprest Kaare Michael Christoffersen
kaare.michael.christoffersen@stryn.kommune.no

Trusoplæring

Kateket Beate Nes
986 54 244 beate.nes@stryn.kommune.no

Volda kyrkjekontor

Tlf 70 07 40 90 Rådhusgata 6a, 6100
Volda kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no
www.volda.kyrkja.no
kyrkjevevja Jostein Stråbø mobil 916
63 549 kyrkjevevja@volda.kyrkja.no
Må, ty, (on 10:30-), to, fre kl. 10:00 - 14:00

Hornindal

mobil 957 69 292
sokneprest Per Kristian Hovden Sætre
per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no

Naustmesse i Nordsida kyrkje

Av Geir-Ståle Vatnamo

2. pinsedag er ein sikker innertiar for naustmesse nede ved nausta. I år derimot, måtte arrangementet leggjast til kyrkja. Veret var alt for fuktig og kaldt til å sitje ute. Dei som møtte fram fekk ei fin oppleving i Nordsida kyrkje.



Forbøn ved dei fire prestane i Indre Nordfjord: Hege Høybye, Beate Nes, Kaare Michael Christoffersen og Henny Koppen.



Blakset Hornmusikk deltok med taktfast musikk.



Under gudstenesta kunne borna boltre seg i fargar på teiknebretta. F.v.: Klara Sætre, Hanna Rand Roset, Heine Bergset Mandal og Alva Sætre



Kaare Michael Christoffersen talte frå Apg. 10,34-38

Nominasjonskomiteen si liste til bispedømmerådsvalet

Av Jostein By

I eit anna innlegg i «Kyrkjeklokka» har eg skrive generelt om kyrkjevalet. No skiftar eg over til hatten eg har som kandidat på fjerdeplassen på det som heiter «Nominasjonskomiteens liste» ved valet av bispedømmeråd i Bjørgvin:

Nominasjonskomiteen si liste er på mange måtar kyrkjelydane si eiga liste. Ho er sett opp av ein nominasjonskomite med eitt medlem frå kvart prosti, valt av sokneråda. Listekandidatane er etter framlegg frå sokneråda (i mitt tilfelle frå sok-

neråda i Nordfjord), ungdomsrådet i Bjørgvin og nominasjonskomiteen sjølv. Komiteen har mellom anna vektlagt kandidatar som er opptekne av at kyrkja sitt arbeid skal vere lokalt forankra, i sokna. Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Kandidatane på denne lista har ulike syn på mange spørsmål innan Den norske kyrkja, men mitt inntrykk er at vi alle legg vekt på å ta vare på og å vidareutvikle dei verdiane som ligg i «den norske folkekyrkja», med dei 1000 år lange tradisjonane kyr-

kja står for i samfunns- og kulturlivet vårt, i tillegg til det som kyrkja står for som trussamfunn.

Om det spelar noka rolle for kyrkje-medlemmene i sokna i Stryn, finn eg det rett å vise til at eg er den einaste kandidaten på dei fire val-listene som bur i Nordfjord. Om eg skulle komme inn i bispedømmerådet vil eg prøve å lytte til innspel frå sokneråda og dei kyrkjelege fellesråda i Nordfjord før eg er med på å ta avgjerder i viktige saker.

Minneord Jon Ytrehorn

Tekst: Gunnhild Bergset Foto: Geir-Ståle Vatnamo



det klåraste utslaget av evangeliet. Det knyter vi opp til Jon; størst av alt er kjærleiken,- og NÅDEN. For Jon sin del betydde det å bry seg om at han av og til skunda seg langsomt. Det betydde igjen at nokon kanskje måtte vente heime... Men dei han møtte på vegen fekk eit møte med eit ekte medmenneske.

Å bry seg om skaparverket er ei stor oppgåve. Men Jon hadde også ei gåve med seg gjennom livet som gjorde at denne oppgåva vart synleg i hans livsgjerning og hans forkynning. Han var mellom anna ein pådrivar til at Nordsida kyrkjelyd vart ein av dei første i landet som vart «autorisert» som «Grøn kyrkjelyd».

Å vere engasjert og samtidig kunne engasjere andre var ei viktig side ved han Jon. Mange har kalla Jon for diakonen som vart kateket og prest. Han tok initiativ til mange nye innfallsvinklar i kyrkja, mellom anna gudsteneste for menneske med eit mangfald av funksjonar.

Han Jon var ein føregangsmann som var truverdig. Det har vore nemnt før, og det var nettopp eit innslag i lokalavisa på historisk side, om el-bilen hans Jon som han investerte i før nokon av oss andre trudde det var muleg å reise elektrisk til kyrkje og andre stader. Men kor mange av oss har ikkje køyrt til kyrkje i dag nettopp i ein el-bil? Jon sa ein gong at han ville spreie evangeliet utan å spreie for mykje forureining. Det er «syn for segn» som Mattias Orheim kallar det.

Han Jon sette spor etter seg i fleire generasjonar. Tydelege og gangbare spor. La oss takke han fordi han gjekk føre og kvista løype og la oss halde spora opne.

Fred over Jon sitt minne.

Jon har sett spor etter seg i fleire generasjonar. Tydelege og gangbare spor.

I vår heim har det vakse opp fire ungdomar som alle har vore konfirmentar med Jon som medvandrar. To medan han var kateket og to medan han var prest.

Det kan skisserast fire beskrivelser som karakteriserer Jon:

-han brydde seg om oss og viste det i praksis

-han brydde seg om skaperverket og viste det i praksis

-han var engasjert og han engasjerte

-han var ein føregangsmann som var truverdig

Å bry seg om menneske er kanskje

Takk til Jon

Av Knut Sigurd Gald



Tidlegare sokneprest i Hornindal prestegjeld Jon Ytrehorn gjekk bort i slutten av mars i år, 82 år gamal. Jon var ein lun og kunnskapsrik kar. Han var ein flittig bidragsytar til Kyrkjeklokka.

I over 40 år la Jon Ytrehorn ned eit stort arbeid for Kyrkjeklokka. Frå han kom heim til Hornindal i 1978 saman med si kjære kone Elin og barna, for å ta over gardsbruket etter foreldra, til langt opp i pensjonsalderen sin, gjorde han ein solid innsats. Når han kom heim var han allereie tilsett og tok til i ei 50% stilling som kateket i Hornindal prestegjeld i kombinasjon med klokkarteneste i Hornindal. Jon vart etter kvart tilsett som sokneprest i prestegjeldet.

Jon ytte langt meir enn stillingsprosenten skulle tilseie. Slik var det også i Kyrkjeklokka. Kyrkjeklokka vart starta for lenge sidan, på 1930-talet, som eit samarbeidsprosjekt av dei 3 sokneprestane i dei dåverande prestegjeldene i Hornindal, Innvik og Stryn. Redaktørjobben gjekk på omgang. Når Jon vart tilsett som kateket i Hornindal prestegjeld, kom han inn som fjerde mann til liks med prestane, men han tok ansvar for langt meir enn

det nummeret han hadde ansvar for.

Til å friske opp layouten i bladet, fekk han samtykke til å engasjere Magne Kristiansen. Illustrasjon til: «Tankar langs vegen», «Slekt skal følgje slekters gang» og «Søndag er kyrkjedag – Gudsteneste-liste for Indre Nordfjord» er enno i bruk.

Jon skreiv under Vignetten «Tankar langs vegen», aktuelt, tydeleg og meningsfullt på ein inkluderande måte slik at det ikkje var moralisme. Første trusartikkel var ikkje tørr dogmatikk, men forvaltarsvar og respekt for skaparverket, menneskeverd og nestekjærleik i praksis og Jon levde slik han lærte.

Medan Gunnar Nygjerd var tilsett som redaktør, bad biskop Hagesæter om eit ekstra eksemplar av Kyrkjeklokka på sin kontorpuvt, for at han skulle vere trygg på at han fekk lese bladet. Gunnar var ein drivande god redaktør, men eg trur kan hende at det var «Tankar langs vegen» av Jon Ytrehorn, det var viktig for biskopen å få med seg!

Då det vart bestemt at det ikkje lenger var inkludert i tenesteordninga for prestane å ha ansvar for

kyrkjelydsblad, var Jon Ytrehorn usamd. Han vart ein pådrivar, tok ansvar og jobba i kulissane for å få på plass Kyrkjeklokka Bladlag med dei 9 sokneråda som eigar frå rundt år tusen skiftet. Skal tru om det hadde vorte noko av vidare utgjeving av Kyrkjeklokka utan engasjementet og innsatsen til Jon Ytrehorn?

Jon såg og heia fram folk, han var ein omtenkssam mann, lyttande og med ein optimistisk kommentar, både i møter som i sokneråd og når ein snakka ansikt mot ansikt med han om både alvorlege, praktiske og humoristiske emne.

Som nyvald redaktør i Kyrkjeklokka tilbake til 2012, var Jon til uvurdérleg hjelp for meg. Han kom med gode og praktiske råd og innspel, som gjorde at eg følte meg trygg i rolla som redaktør. M.a. kom Jon med ein idé i 2017 som vart til «Grøn side» i Kyrkjeklokka, og som tok føre seg miljøtiltak. Vi hadde eit svært godt samarbeid i alle åra fram til han av helsemessige årsaker ikkje lenger hadde overskot til dette. Han hadde då betydd mykje for Kyrkjeklokka i mange tiår.

Vi takkar for eit langt og engasjerande arbeid for Kyrkjeklokka og lyser fred over det gode minne til Jon Ytrehorn!

Styret og redaksjonen i Kyrkjeklokka Bladlag ved styreleiar Knut Sigurd Gald

Årsmøte 2023 Kyrkjelokka Bladlag

Av Knut Sigurd Gald



Årsmøte 2023 i Kyrkjelokka Bladlag vart halde onsdag 10. mai 2023 kl 1900 på Nordsida Næringsstove, Ulvedal.

Rekneskapsresultatet for 2022 viste eit resultat (underskot) på kr 22 897. Men det vart driftsunderskot på kr 53 886. Det forbetra resultatet kom av godskriving frå aksje-

fond under finansielle postar. Den frivillige årskontingenten er kr 600. Trenden viser framleis at økonomien i bladlaget i åra som kjem vil svekkast. Dette bekymrar styret og årsmøtet. Vi får ikkje inn nok bladpengar, sjølv om siste året viste ei positiv utvikling. På same tid gjev ikkje annonsesal forventat resultat. Det minkar også på reservekapitalen vi har i fondssparing. Det vert arbeidd vidare med å få balanse i bladlaget sin økonomi.

Geir Ståle Vatnamo med personleg vara Erling Briksdal frå sokneråda i Olden, Innvik og Utvik stod på val. Vatnamo vart attvald, medan Briks-

dal sa frå seg. Ruth Torheim vart ny vara.

Elles utgjer styret Knut Sigurd Gald med personleg vara Anne Lødemel Honningsvåg frå sokneråda i Hornindal, Nordsida og Randabygd, samt Kristin Storevik med personleg vara Helga Renate Espe frå sokneråda i Nedstryen, Oppstryen og Loen.

Knut Sigurd Gald vart attvald som styreleiar og Kristin Storevik som nestleiar. Mangeårig forretningsfører er John Selmer Skiftesvik. Geir Ståle Vatnamo, Jarle Hessevik og Knut Sigurd Gald har vore redaktører i 2022.

Fordeler ved å vere gift

Av Henny Koppen



I vårt område er det ikkje slik at talet på vigsler går ned. Vi har alle variantar av vigsler, frå dei heilt enkle og anonyme til dei store seremoniane med hundre gjester, flotte blomsterdekorasjonar og storslått musikk. Vigsler går føre seg ute og inne, alle dagar i veka, sommar og vinter, i bunad eller anna festantrekk, eller i det ein fann i skapet den dagen. Ein god del par vel å bli vigde hos kommunen, litt fleire i kyrkja, og til saman har vi eit snitt på opp under 40 par for året som vel å gifte seg i Stryn.

Dette er ikkje eit «frieri» for å få fleire til å gifte seg i kyrkja, det er

ei oppmoding til par som ynskjer å halde saman om å ordne forholdet, anten ved å gifte seg eller ved å lage ei solid sambuarkontrakt.

Synne Sørnes, journalist i NRK Vestland har skrive ein artikkel om dette temaet, der ho viser til advokaten Andreas Poulsson, som jobbar med familierett. Han seier at mange får seg eit sjokk over kor lite rettar ein har som sambuarar. Det gjeld til dømes økonomi, der inntekter og eigedom automatisk blir delt på to, om ein er gift. Sambuarar har ikkje automatisk rett til det den andre tener. Dette kan slå skeivt ut dersom den eine vel å vere heime med born over tid.

Når det gjeld arv er det også store skilnader. Om så gale skulle vere at forholdet tar slutt anten ved samlivsbrot eller død, har sambuarar lite å hente. Sambuarar utan born har ikkje rett på noko, har ein born får ein litt, men ikkje på langt nær så mykje som dersom ein er gift. Dersom der er born frå

fleire forhold blir det veldig lite att på sambuaren. I heterofile forhold er det dessverre ofte kvinna som blir ståande att på berr bakke om noko skjer, særleg dersom mannen eig huset og bilen og hytta. Det er kanskje ikkje utan grunn at det er mange kvinner som tek initiativ til ekteskap.

Det er enkelt å gifte seg, men sambuarkontrakt er eit godt alternativ. Advokaten anbefaler å skrive kontrakt i det ein inngår eit sambuarskap, slik at ein er einige om kva som skjer om ein går frå kvarandre eller nokon dør.

Journalisten stiller så dette spørsmålet til advokaten:

– Vil du anbefale par som bur saman å berre gifta seg, fordi det er enklare?

– Hehe, det må nesten bli opp til den enkelte å bestemme. Men eg vil anbefala å vera bevisst på den situasjonen du står i og ha den avklart med partnaren din.

Pinsevandring for skulen

Av Beate Nes



40 dagar frå påske til Kristi Himmelfart- 40 skritt å gå



Brød og fisk ved bålet



Beate, Mari og Biskop Halvor- på pinsevandring saman med rektorane under visitasen



Bygging av babels tårn

Veka før pinse fekk Beate og Elisabeth besøke Rand skule og prøve ut eit nytt kyrkje- skule samarbeid. Vi har i mange år hatt både jule og påskevandring med barnehagar og skuler. No har vi laga ei pinsevandring som tar for seg fortellinga frå tide etter påske.

Vi startar med fortellinga om fiskeunderet og Jesus som møtte lærerveinane på stranda, og gav dei brød og fisk

Deretter stiller alle barna opp på rekke. Frå påske til kristihimmelfart er det 40 dagar, vi teller 40 skritt, og er komt godt opp på ei lita høgde.

Her fortel vi om at Jesus tok med seg venene sine opp på fjellet. Bad dei gå ut i verda og fortelle om han, før han vart tatt opp til himmelen. Her er det tid for å brette papirfly. Og sende ut i verda.

Vi vandrar vidare og kjem til masse klossar. Borna er delt i to grupper, store og små saman. Alle for utdelt klossar, og så skal dei bygge tårn saman. Vi fortel fortellinga frå gamletestamentet, om Babels tårn. Borna får bygge sine eigne tårn. Kor høgt vert det før det veltar? Så fortel vi om forvirringa som kjem, då alle startar snakke ulike språk.

Vi snakker litt om kor mange ulike språk vi kan, og lærer å seie Hei på nokre nye språk.

Etter ei lita vandring igjen kjem vi til pinsedag. Her gjer Gud det motsatte av det han gjorde i Babel. Plutseleg kan alle forstå. Vi snakkar om at Den Heilage Ande kjem som vind og eld, og at lærerveinane vert modige.

Tilslutt er det tid for fest. Kyrkja sin bursdagsfest. Vi syng bursdags-song, og sjølv om det var ein litt kald dag smakte det godt med is frå skulens frys.

Konfirmantar våren 2023

Konfirmantar frå Randabygda



Frå venstre: Bendik Kvamme, Truls-David Takle Tytingvåg, Tobias Tytingvåg og Hege Høiby

Konfirmantar frå Nordsida



Frå venstre: Bjørnar Tøfte Heimlid, Marius Darulis, Rubina Helena Podgorski og Frida Heimlid Øiestad

Konfirmantar frå Nedstryn



Frå venstre 1.rad: Maylen Undset Svensli, Peter Langeland Grøn mo, Natalie Vanberg Bø, Simon Gundersen Heggstad, Thea-Beate Aaland-Skarstein, William Gundersen Sunde, Christine Skrede Edvinsen, Sander Loen Flo
2.rad: Kateket Beate Nes, Martine Tømmerstøl Roset, Malene Kleppe, Even Holum Sæle, Vi Ide Nikoline Fannemel Vik, Oliver Veka Brath, Elisabeth Frøysa Bernhoft, Sverre Nygård, Mari Skaare, Olliane Helle Alsaker, Prest Henny Koppen. 3.rad: Amanda-Rakel Villacampa Frøyset, Patrick Fredlund, Tuva Berstad Aarskog, Jakup Planka, Jonas Fredlund, Bruna Haugen Sønsterudbråten 4.rad: Iver Holien Aabrekk, Fillip Førde Mundal, Scctt Allan Stoddern Mørk, Oddmund Hauge Otterdal, Sondre Otterdal Bøe, Marius Darulis 5.rad: Amund Flare, Johan Skoglund Bø

Konfirmantar frå Oppstryn



Frå venstre framme: Henny Koppen, Jenny Aurora Berstad Breidablik, Caroline Nygård Berstad, Ola Holmlund Ørjasæter
Frå venstre bak: Vegard Guddal, Emma Nytn Grønfur, Markus Blakset Guddal
Fotograf: Christer Solberg



Bak frå venstre: Espen Muldsvor Olsbø, Ervin Liptak, Isak Auflem Moen, Rasmus Vonheim, William Loen

Framme frå venstre: Sokneprest Henny Koppen, Marie Hopsdal Beinnes, Isabel Artiga, Julie Tjugen Slaattelid, Kateket Beate Nes
Fotograf: Egil Olsbø

Konfirmantar frå Olden



Frå venstre første rad: Elvira Flo, Oliver Rustøen, Martine Skarstein, Sanne Kvame Gulliksen, Margrethe Krogh Opheim, Kinga Klosowska, Tormod Sivert Agjeld, Benjamin Beinnes, Emma Mariell Høgalmen

Konfirmantar frå Innvik



Framme fra venstre: Lena-Maria Gjerde Mangard, Tuva Skåden Aarreberg, Mari Hatling Skåden, Emma Gjerde Årdal, Eskil Hjelmeseter Frøholm.

Bak fra venstre: Trusopplærar Elisabeth Skarstein, Marco Gjerde Nesdal, Olav Opdal Reme, Linnea Hilde, Vilhelm Reme og vikarprest Kaare Michael Kristoffersen.

Konfirmantar frå Utvik



Frå venstre: Andrea Bruland, Rikke Sørland

Konfirmantane laga gudsteneste i kulturhuset.

Av Beate Nes



Søndag 23.04 inviterte konfirmantane til samtalegudsteneste med alle konfirmantane i Indre Nordfjord. Dei hadde delt ledda i gudstenesta mellom seg, og hadde ansvaret for kvar sin del. Gudstenesta starta med at konfirmantane kom ned trappene i prosesjon. Dei hadde med prosesjonskorsa frå kyrkjene, og bar elles inn ting som gjorde kulturhuset om til kyrkje. Temaet for gudstenesta var den gode hyrde, og kreativkonfirmantane hadde i den forbindelse laga altertavle med Jesus som hyrde, men i staden for sauer, hadde dei laga ulike ansikt. Kulturhuset var nesten fullt, og det vart ei fin oppleving både for konfirmantane og dei som sat i salen.

Måleriet på alteret i Hornindal

Tekst: Anne Lødemel Honningsvåg Foto: Kyrkja



I stykket om altertavla i Hornindal stod det at då kyrkja i Hornindal stod ferdig i 1856 vart det ikkje sett opp altertavle, men eit gylt trekors på altaret. Det er rett, men det vart laga eit måleri som bakgrunn. Dette måleriet vart sist vist fram då kyrkja hadde 150 årsjubileum, og vil verte sett opp i den nye Kyrkjelydsstova.

I hefte om Hornindal kyrkje 100 år har eg funne desse opplysningane: "Det var sparekniven som rådde, og Anders Bruland fortel at det var um å gjera å få alt på billegaste måte. Lars O.

Gausemel (sjef for målinga) hadde berre kr. 2,60 pr. dag for måling. Men han vilde ikkje gje seg i kast med altertavla, og sende bod på meg, segjer Anders. Bruland gjorde dette for inkje. Han vilde sjølv ofra meir tid og studium på altertavla, men hadde hast, og han måla so etter eit vasslandskap teikna av Lars Grov etter eit vikeblad. Det skulle fyrestilla Genesaretsjøen. Råma er den same som hadde vore fyrr. Og den nye vart måla oppå på den gamle"





Eg kan ikkje seie at dette er min spesielle salme framfor andre salmar. Det er heller ein representant for alle dei salmane i norsk salmeskatt som eg har brukt heile livet, og som eg har blitt glad i. Salmen er ei bøn som dekkjer det meste.

Særleg bønna i vers 2 er viktig å be i vår tid. Det er så mykje som "stel" tankane våre og fangar merksemda vår. Vi har det sjeldan stilt nok til å høyre Guds stemme. Dette heng og saman med starten på vers 3, at eg må ta vare på Guds ord og gåver.

Salmen er skriven i 1682 av ei dame som heiter Ludamilla Elisabeth, tysk grevinne, som døde etter ein meslingepidemi berre 32 år gammal. Då hadde ho alt skrive over 200 salmar.

Til nynorsk er salmen omsett av vår eigen Elias Blix i 1891, og tonesett av organist og folketonesamlar L. M. Lindemann. Desse to har mange felles salmar i salmeboka: No livnar det i lundar, Ljos over grav, Syng i stille morgonstunder, No soli bak om blåe fjell, Krist stod opp av daude, Kven vil no meg klaga, Sjå dagen sprett. Blix har nær på 50 salmar i Norsk Salmebok 2013, og Lindemann har godt 30 tonar der.

Mange av desse salmane var brukte før i skule- og konfirmantopplæring, det vart ein del av vår barne-lærdom. Blix var utdanna lærar og skreiv slik at borna forsto innhaldet i den kristne læra på rim. Slik vart det lettare å hugse. Salmar av Blix som: Himmelske Fader, Med Jesus vil eg fara, Jesus, du er den himmelveg, Gud signe vårt dyre fedreland, Å, eg veit meg eit land; er

Min salme

ved Marie-Johanne Folven

Sørg for meg, min Fader, du!

Oversett til Nynorsk av: Elias Blix

Sørg for meg, min Fader, du! Eg vil ikkje sørgja
og i veik og vesal tru om mi framtid spørja.
Sørg du for meg all mi tid, sørg for meg og mine!
Gud, allmektig, god og blid, sørg for alle dine.

Sørg for sjel og lekam her medan eg skal leva.
I di hand, som allting ber, vil eg trygt dei gjeva.
Sørg, min Gud og Fader kjær, mest for mine tankar,
at dei aldri, kvar eg fer, vilt ifrå deg vankar.

Sørg at eg på dine ord trutt må vare taka.
Av min dåp og Jesu bord, støtt må krafta smaka.
Sørg for dei som styrer land, dei som Ordet lærer,
alle som i kvar sitt stand her og der seg nærer.

Sørg for meg når opp eg står og til arbeid stundar,
og når eg til kvila går og mitt auga blundar.
Sørg så for mitt kall og stand, hand og munn og ande,
for den gjerning som eg kan, sørg i von og vande.

Sørg for hus og heim og bu, og for namn og æra.
Sørg at eg i tol og tru krossen her må bera.
Sørg for kvart eit steg eg her enn på jord skal treda.
Sørg at så med fred eg fer heim til himmelgleda.

godt innlærde tekstar som dei fleste over 50 har eit forhold til og kan heilt eller delvis.

Ein lærar frå før i tida trefte att ein tidlegare elev som sa: "Eg lærde mykje i den vesle grendeskulen, og mykje har eg hatt nytte av. Men alle salmeversa vi pugga, skjønar eg ikkje kvifor vi måtte lære." Den gamle vart svar skuldig, men kom på seinare kva han skulle sagt. "Nei, kanskje har du ikkje hatt bruk for den lærdomen endå. Men det kan kome ei tid då salmeversa får meining, også for deg."

Mi gamle mor på 90 hugsa sine salmevers sjølv om det meste anna var borte frå minnet. Det gav trøyst og glede i alderdomen å kunne syngje saman dei kjende og kjære versa som eingong hadde festa seg i ånd og tanke.
"Sørg at så med fred eg fer heim til himmelgleda."

Eg utfordrar Berta Urke Berge til å skrive om "Min Salme" i neste nummer av Kyrkjelokka.

BISPEVIGSLING I BERGEN

Tekst: Reidun Brynstad



H.M.Kong Harald og biskop Ragnhild Jepsen etter vigslingsgudstenesta. Foto: Gyrid C. Nygaard



Biskop Ragnhild Jepsen og biskop em Munib Younan frå Jordan. Foto: Gyrid C. Nygaard



Bispedømerådsleiar Vemund Atle Øiestad framstiller den nye biskopen til vigsling. Foto: Gyrid C. Nygaard



Biskopen med Stryningar. Frå venstre: Reidun Brynstad, Solveig Heggdal, Biskop Ragnhild Jepsen, Leiv Tore Kårstad, Beate Nes, Vemund Atle Øiestad. Foto: Jens Z. Meyer

I vinter mottok alle soknerådsleiarane i Bjørgvin, ei innbyding til å delta under vigslinga av den nye biskopen vår, Ragnhild Jepsen. Ei storhending det er få forunt å få ta del i. Helga 15. og 16. april var tidspunktet., og staden var Bergen.

Herfrå var det Leiv Tore Kårstad frå Utvik, Solveig Heggdal frå Innvik og underteikna, Reidun Brynstad frå Olden, som takka ja, og reiste. Vi hadde tinga oss rom på same hotellet.

Det var lagt opp til ei samling for soknerådsleiarane i Jakobskyrkja, ved lunsjtider på laurdag, og den skulle vi delta på.

På veg ut frå hotellet, vart eg merk- sam på litt spesiell aktivitet i resepsjonsområdet. På plassen utanfor

stod fleire svarte bilar, og politi. Eg gjekk ut for døra medan eg venta på Solveig. Der kom ein bil køy- rande, og ut av den steig jammen sjølvaste Kong Harald. Han òg skul- le tydelegvis bu her. Eg sneik meg diskre inn frå sida, og fekk teke eit bilde, når direktøren tok i mot han. Stas!

På veg til Jakobskyrkja, kom vi midt oppi folkemengda som var samla langs Bryggen, for å ta i mot Stats- raad Lehmkuhl, som kom heim frå jordomsegling. Stasleg skute og ei fantastisk stemning inni vågen.

I Jakobskyrkja vart vi godt mottek- ne av staben der. Omtrent 120 ut- sendingar var samla. Vi vart delte inn i grupper. Både for å mingle, men òg for litt gruppearbeid. God lapskaus vart servert, før program- met starta. Eit flott opplegg med både orientering om arbeidet i kyr- kja, og mykje musikalsk underhald-

ning. Der var besøk frå Bjørgvin sitt søsterbispedøme på Cuba. Bi- skop Ragnhild Jepsen kom òg inn- om, gjekk rundt og handhelsa, og sa nokre ord frå talarstolen.

Her har dei kasta ut alle kyrkje- benkane, og innreia kyrkjerommet med småbord og stolar. Dette er ungdomen si kyrkje, med opplegg for dei, kvar dag. Fantastisk spen- nande konsept.

Søndag kl. 11 i Bergen domkirke, skulle sjølve bispevigslinga gå føre seg. Alle måtte møte i god tid, før Kongen og alle dei prominente gjestene skulle kome inn i prose- sjon. Stemninga var både høgtid- leg, god og litt spent.

Til flott orgelmusikk, kom prose- sjonen gåande, med Preses Olav Fykse Tveit og Kong Harald fremst.

Vår eigen Vemund Øiestad, leiar i bispedømerådet, og Beate Nes, kateketen vår, var òg med i prosessjonen. Beate var kateketane i Bjørgvin sin representant.

Flott musikk, taler og tekstlesing frå alle verdenshjørne, var med i gudstenesta.

Biskopen vart vigsla og velsigna. Ho gjekk so på talarstolen og heldt ei god preike. Ho har eit fint vesen, og snakkar greitt og tydeleg, på eit

«språk» ålmenta forstår. Dette blir nok ein god biskop.

Etter vigslingsgudstenesta var det lunsj i Håkonshallen. Over tre hundre gjester var til stades, i den ærverdige, festpynta salen. Når alle var på plass, fekk vi servering. Nydeleg fisk, og ein sorbèt til dessert.

Det var mange taler og lukke-ønskningar til Biskop Ragnhild. Underhaldning, i form av musikalske innslag, høyrer med. Høgtidleg og

flott opplegg, her òg.

So var samlinga over, og vi gjekk ut i borg-garden. Der fekk vi samla alle strynerepresentantane og nye-biskopen til fotografering. Triveleg å få ein prat med ho.

To uforgløyemelege dagar i Bergen, var til endes. Vi tre, som var so heldige å få med oss dette, er uendeleg takknemlege. Ei oppleving vi aldri gløymer, og når Bergen viser seg i vårskrud og strålande sol, kan det ikkje bli stort betre!

TAKK! Frå Leiv Tore, Solveig og Reidun.

Kyrkjeval 2023

Tekst: Jostein By, leiar i Stryn Kyrkjelege felleskap

Ettersom dette er siste nummeret av «Kyrkjeklokka» før kyrkjevalet i haust, vil eg som leiar i Stryn kyrkjelege fellesråd oppmode alle om å bruke røysteretten både i soknerådsvalet og bispedømmerådsvalet. Kyrkjevalet skjer samstundes som kommunestyre- og fylkestingsvalet, måndag 11. september. Vallokala skal vere i nærleiken av vallokala for kommunestyre- og fylkestingsval. Meir konkret informasjon vil komme i ulike kunngjeringar når valdagen nærmar seg. Valdeltakinga i kyrkjeval har generelt vore nokså låg, og det vil vere gledeleg om det i år vert kraftig auke. Riktig nok var valdeltakinga i dei 8 sokna i Stryn godt over samlavaldeltaking både for Bjørgvin bispedømme og landsgjennomsnittet ved valet i 2019.

I dei neste fire åra er det mange viktige saker som skal handsamast i styringsorgana for Den norske kyrkja – ikkje minst ein omfattande gjennomgang av organisasjonsforma. Dette vil i stor grad påverke innverknaden som sokneråd, kyrkjelege fellesråd og lokale kyrkje-kontor vil få på det lokale arbeidet i kyrkja. Derfor er det viktig at medlemmene i kyrkja i kvart sokn engasjerer seg i valet av nye tillitspersonar på lokalt nivå og også innanfor bispedømmet.

Ved soknerådsvalet er det ei liste i kvart sokn, og veljarane kan påverke samansetjinga av dei nye sokneråda ved å setje kryss ved dei kandidatane som dei ønskjer å få inn.

Ved bispedømmerådsvalet – som også avgjersamansetjinga av Kyrkjemøtet («Stortinget» for Den norske kyrkja), ettersom medlemmene i alle bispedømmeråda utgjersamansetjinga av Kyrkjemøtet – er det i år 4 lister med leke kandidatar i Bjørgvin. Frå desse listene blir 7 av dei 10 medlemmene i bispedømmerådet valde. I tillegg til desse sju vel prestane i bispedømmet ein prest som medlem, og dei lek-tilsette vel ein lek-tilsett (t.d. kateket, organist eller anna tilsett). Biskopen er fast medlem av rådet. Alle listene med leke kandidatar er tilgjengelege på <https://www.kirken.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/tema/kyrkjeval/Kyrkjevalet%202023%20listeforslag/>

Veljarane i Hornindal kan finne dei fire listene til bispedømmerådsvalet i Møre bispedømme her: <https://kommunikasjon.ntb.no/pressemedling/kyrkjeval:-det-te-er-kandidatane-til-more-bispedommerad?publisherId=8556475&releaseId=17968541>

Alle som har ei meining om korleis Den norske kyrkja bør utvikle seg i åra framover, bør nytte høvet til å røyste – både i soknerådsvalet og bispedømmerådsvalet. Dei fire listene til bispedømmerådsvalet femner om heile breidda av synspunkt på kyrkjepolitikken.

Det viktigaste er at du nyttar røysteretten slik at du er med på å påverke korleis du ønskjer at Den norske kyrkja kan utvikle seg vidare med demokratisk valde styringsorgan, som – saman med biskop, prestar og andre tilsette i kyrkja – kan prøve å ta gode avgjerder.

Sjølv om det er fleire månader att til kyrkjevalet 2023: Godt val! Og fram til da: God sommar!

Kyrkje- valet 2023

NOMINASJONSLISTER TIL SOKNERÅDSVALET 2023

I år er det val til nye råd i kyrkja, både lokalt og sentralt.

Kyrkjevalet vert halde måndag 11. september, og blir gjennomført i same tidsrom som kommune- og fylkestingsval, i anna lokale i same bygning. Det vert høve til førehandsrøysting, i år er det og høve til digital førehandsrøysting. Vi syner til annonsering i lokalavisa og på kyrkje si nettside, for nærare informasjon.

Her presenterer vi nominasjonslistene til dei nye sokneråda:

OPPSTRYN SOKN (6 faste medl.)

Prioritet	Navn	Fødselsår
1	Kathrina Elisabeth Flo	1963
2	Astrid Palma Sandvik	1958
3	Beate Øvreberg Glomnes	1969
4	Kari Nielsen Berge	1959
5	Dag Greidung	1973
6	Edvard Aarnes	1961
7	Olaug Petra Samuelsen Mork	1964
8	Björg Janne Flo	1974
9	Magnus Arne Glosvik	1970
10	Johnny Stølen	1977
11	Ruth Guddal	1952

NEDSTRYN SOKN (8 faste medl.)

Prioritet	Navn	Fødselsår	Adresse
1	Sissel Tonning Brekke	1966	Årheimsvegen 18
2	Alf Martin Almskår	1972	Faleidsvegen 33
3	Gunn Karin Norlie	1973	Bøavegen 21
4	Arve Aabrekk	1978	Bergsida 186
5	Vivian Tvinnereim Sæverhagen	1977	Arnekvia 11
6	Ard Mikal Kleppe	1972	Hareflåten 6
7	Kristin Loen Hool	1959	Holevegen 23
8	Björg Elin Egge	1958	Strynevegen 606
9	Endre Bø	1975	Riisevegen 12
10	Hilde Margrethe Ullebø Hool	1971	Stegen 6
11	Bente Irene Frøholm	1974	Øyravegen 14
12	Ingeborg Bøe Eimhjellen	1984	Smieberget 10
13	Silje Kristin Frøysa	1984	Kreklingevegen 10
14	Henriette Blaallid	1984	Geilevegen 34

LOEN SOKN (6 faste medl.)

Prioritet	Navn	Fødselsår	Bustad
1	Olav Lars Rake	1964	Rake
2	Eldrun Olianna Dragset	1952	Loen
3	Roald Sanden	1948	Loen
4	Trude Emma Fløtre	1975	Loen
5	Alfred Loen	1961	Loen
6	Inger Martha Loen	1972	Loen
7	Magnar Sæten	1960	Loen
8	Dag Sivert Nesdal	1972	Rake
9	Lars Arve Loen	1960	Loen
10	Tone Lise Westervik Myren	1970	Loen
11	Maria Loen	1961	Loen

OLDEN SOKN (8 faste medl.)

Prioritet	Navn	Fødselsår	Bustad
1	Gro Birgit Øyaland Egset	1969	Skarstein indre
2	Johanna Sandøy Skarstein	1954	Brynestad
3	Arne Jostein By	1948	Ugla
4	Sigrid Egdetveit Skarstein	1960	Skarstein indre
5	Arild Hafsås	1970	Melheim
6	Anette Sunde Brynstad	1982	Brynstad
7	Alvhild Flåten	1966	Sunde
8	Ole Solheim	1957	Solheim
9	Jon Olav Kvamme	1960	Oldedalen
10	Eli Anne Skarstein	1958	Skarstein indre
11	Gunnar Eikemo	1965	Melheim
12	Else Pernille Fredheim	1976	Muristranda
13	Kari Johanne Kvamme	1967	Skarstein ytre

INNVIK SOKN (6 faste medl.)

Prioritet	Navn	Fødselsår	Adresse	Prioritet	Navn	Fødselsår	Adresse
1	Wenche Sunde	1973	Fjordvegen 3494	5	Frank Skogstad	1968	Gamlevegen 46
2	Jan Terje Reme	1962	Kyrkjevegen 34	6	Annelene Hopland	1990	Gamlevegen 51
3	Wiviann Sørensen	1971	Koparberget 37	7	Kjell Mortveit	1970	Hildastranda 21
4	Aud Elisabeth Skrede	1970	Hildastranda 32	8	Sofie Amalie Heggdal	1994	Hildastranda 11

Kyrkjevalet 2023

INNVIK SOKN (6 faste med.)

Prioritet	Navn	Fødselsår	Adresse
9	Liv Kristin Skåden	1970	Skådivegen 13
10	Anne Jorunn Sunde	1965	Fjordvegen 3522
11	Bente Drageset	1965	Dragesetvegen 274
12	Tor Egil Bolset	1969	Dragesetvegen 18
13	Torill Olaus Bennæs	1954	Heggdalsvegen 162
14	Kim Andreé Kjellehold	1986	Hildastranda 101
15	Katrin Bråstad Skåden	1962	Heggdalsvegen 5
16	Sissel Karin Baugstø	1946	Koparberget 18

RANDABYGD SOKN (4 faste medl.)

Prioritet	Navn	Fødselsår
1	Ole-Johnny Nesdal	1973
2	Hildegunn Rand	1968
3	Rolf Magne Aaland Hellevang	1971
4	Oddny Dybevoll Aaland	1961
5	Elmar Hopland	1959
6	Elin Aasen Tytingvåg	1982
7	Anne-Marie Hunskaar Hopland	1951
8	Dag Finn Hopland	1966
9	Ann-Elin Brekke Kandal	1983

NORDSIDA SOKN (6 faste medl.)

Prioritet	Navn	Fødselsår
1	Per Erik Ulvedal	1968
2	Ellinor Helene Roset	1968
3	Arve Sølberg Slettenes	1970
4	Janne Trude Roset	1980
5	Tor Åge Berglid	1973
6	Svein Arild Bergset	1973
7	Alf Edvard Roset	1975
8	Anita Roset	1976
9	Nancy Britt Ulvedal	1970
10	Anne Agnes Blakset Nyttun	1954

UTVIK SOKN (6 faste medl.)

Prioritet	Navn	Fødselsår	Adresse
1	Leiv Tore Kårstad	1971	Kårstadvegen 62
2	Jofrid Rye Hestenes	1960	Kårstadvegen 54
3	Veronica Hilde	1990	Brulandsstranda 33
4	Carl Wilhelm Hage	1987	Kårstadvegen 28
5	Tanja Selbervik Hage	1970	Kårstadvegen 36
6	Jarle Kloster	1976	Dankertbakken 8
7	Torunn Solheim	1964	Dankertbakken 1
8	Unni Verlo	1972	Dankertbakken 17
9	Wibeke Bruland	1984	Brulandsvegen 53
10	Elisabeth Verlo	1970	Brulandsstranda 65
11	Frode Richard Blindheim	1961	Tistamvegen 5
12	Renate Lillevik Kjellehold	1996	Fjordvegen 3372
13	Tove Karin Hauge	1980	Frøysetvegen 21

HORNINDAL

Prioritet	Navn	Fødselsår
1	Elsa Aslaug Ommedal	1959
2	Anne Birthe Straumsheim Hofseth	1968
3	Silje Hjelbakk Hole	1986
4	Audun Gausemel	1962
5	Patricia Sofie Ekblom	1975
6	Marit Hunvik Solvik	1961
7	Arvid Sølberg	1963
8	Aud Kobberstad	1961
9	Harald Svein Vartdal	1954



Hjelmeland

BEGRAVELSESBYRÅ

Til hjelp i sorga sidan 1978



Bjørn Solvik



Tone Lise Loen



Lone Vik



Odd Kåre Hjelmeland

Vi er her når de treng oss som mest,
og hjelper dykk med å lage ei personleg, fin og verdig gravferd.

Slik som de ønskjer.

905 50 905

www.hjelmeland.as



INNVIK FJORDHOTELL

Misjonsheimen

Utlevering av koldtbord, snittar, kaker m.m.
Fødselsdagar, selskap, møte og kurs.

Innviik Fjordhotell, Misjonsheimen AS
6793 Innvik, tlf. 57 87 49 90.

e-post: post@innvikfjordhotell.no

www.innvikfjordhotell.no

STRYN ENØK AS

TOSHIBA

VARMEPUMPER

Treng du ny varmepumpe?
Eller service på den du har?
Ta kontakt, rask levering til rett pris

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704
www.senok.no

EF 942/2006
ISOVATOR
F-GASS CERTIFISERT FORHANDLER

Illustrasjonsfoto




En ferie å
glede seg til

Blå Kors har flere tilbud for barne-
familier som strever. Med din støtte
kan vi hjelpe flere!

**Gi trygge ferieopplevelser til
familier som har det vanskelig.**

Gi din gave på **vipps 13130**



Blå Kors

Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Den største gleda du kan ha. Er å gjere andre glad.

Glede er ei stille sitring som stig opp frå mellomgolvet ein stad og møter huda innanfrå, kallar fram glans i auga, kribling i armar og bein, opnar ansiktet og glattar ut rynker i panna.

Glede er noko vi føler, ei god kjensle. Det er noko vakkert. Ein har uttrykt det slik:

«Gleda, ho er som doggi når vent ho i strået skjelv.
Gleda, ho er som stjerna som glim på ein glitrekvelv.»

Eg såg eit maleri som hadde titelen GLEDE. Ei jente med blomsterkrans på hovudet og med ein stor blomsterbukett i høgje handa dansa over ei blomstereng, og fem fuglar flaug over ho. Slik uttrykte målararen glede.

Eit ordtak lyder slik: «Glede i hjarta gjev god helse, mismod tærer på marg og bein.» Ordt. 17.22

Vi kan godt snu det og seie: God helse gjev glede i hjartet. Og du kjenner uttrykket: Eg får vere glad så lenge eg har helse.

I eit hefte var eit bilde av ein familie som sat til bords. Far og mor og to born smilte og såg så lukkelege ut. Ved bildet stod: «Ver glad og tilfreds når du et!» Vitskapsmenn har påvist at når vi er glade og fornøgdde, fordøyer vi maten best. Ja, alt blir lettare og lysare.

Vi har ulike måtar å uttrykke glede på. Nokre ropar jubel, andre klappar i hendene, andre hoppar og dansar, andre omfamnar kvarandre og andre tørkar gledesårer. Born er flinke å uttrykke glede si. Vi vaksne nordmenn er meir forsiktige med å vise kjensler. Sjå berre på kor afrikanarar syng og jublar, trommar og dansar!

Glede kan vere kortvarig, men her er også varige gleder. Vi kan kjøpe gleder, men også mange er gratis. Gleder kan delast med andre. Gløym ikkje å dele!
Kva ler du av? Ein god latter forlenger livet, heiter det.

Eg fekk ei oppmodiing. Lat oss samle på gleder! Nokre dagar noterte eg gleder eg fann i kvardagen. Det var ikkje vanskeleg å finne.
Nokre døme:

✦ Vi fekk ein solskinsdag etter mange våte dagar. «Ljoset er ein hugnad for auga, det gjer godt å sjå sola. Fork.11.7

✦ Vi fekk kalde netter og ny snø sist i mars, også i april. I eit mørkt, kaldt kjellarrom hadde eg nokre georginerøter, nokre skaugumknollar og nokre krukker med fuchsia. Dei burde vore tekne fram i lys og varme. I ei krukke hadde nokre krokusløgkar vorte med inn om hausten. Kva såg eg? To krokusar stod i blomst, ein kvit og ein blå. Blada var bleike, gulgrøne. Eg kjende ei vårglede.

✦ Eg tok ansvar for fasteaksjonen.

Eg tok kontakt med konfirmantane og foreldra. Dei ville ta sin del av arbeidet. Deira velvilje gledde meg. Og ute i verda er folk som får hjelp. Dei takkar og jublar for rennande vatn og mat.

✦ Ein tur på butikken før påske gav meg eit fint syn av gule roser og påskeliljer. Ved sida stod eit stativ med frøposar. Eg kjende lyst til å grave og så. Sjå, det spirer på nytt! Gleder fører til takksemd, og takksemd til glede.

LAT OSS PRØVE
Å SJÅ ENKLE
GLEDER I
KVARDAGEN!

NMS Gjenbruk,
eit skattekamer for deg
som elsker gjenbruk –
og kloden vår!

Eidsgata 5,
6770 Nordfjordeid
Telefon 404 45 420
Måndag–laurdag 11-15
Torsdag 11-16.30



 nmsgjenbruk.no



Slekt skal følgje slekters gang



Frå kyrkjebøkene

Sokna Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn

Oppstryn

Døyppte:

09.04. Ada Hoven Søgaard. For. Kristin Hoven og Trond Søgaard Aarnes
28.05. Sunniva Lerkerød Berstad. For: Hildegunn Lerkerød Berstad og Steffen Loernzo Berstad
28.05. Elias Reitan Gjørven. For. Ingvild og Rolf Olav Reitan Gjørven. Døyppt i Brønnøysund

Døde:

24.02. Magnhild Erdal f. 1928
06.03. Leif Einar Flo f. 1943
23.03. Jon Berge f. 1933
08.05. Sigrun Greidung f. 1937

Nedstryn

Døyppte:

09.04. Lucas Krakereid Løken. For. Linn Anita Furnes Krakereid og Jostein Løken
06.05. Klara Josefine Nesje. For. Sabina Plonka og Kristian Nesje

Vigde:

29.04. Katrin Vasstein og Geir Tønning
27.05. Hildegunn Skår og Markus Holen Gundersen

Døde:

18.02. Ragnhild Oddveig Svardal Nesje f. 1955
10.03. Ingunn Vinsrygg f. 1946
22.03. Aslaug Birgit Bøe f. 1928
13.04. John Anders Løddøen f. 1932
27.04. Eldbjørg Hatledal f. 1947
14.05. Annveig Malmfrid Lemmichen Os Berge f. 1932

Utvik

Døde:

13.03. Marta Tisthamar f. 1931
02.05. Peder Torheim f. 1942

Loen

Døyppte:

26.02. Sofie Hansen Sæten. For. Jonette Hamre Hansen og Stian Sæten
21.05. Selma Lyslo Bø. For. Heidi Anita Lyslo og Tor Andreas Bø
21.05. Albert Lefdal. For. Eliasbeth Heltne Verpeide og Adrian Lefdal

Vigde:

21.05. Heidi Anita Lyslo og Tor Andreas Bø

Døde:

28.04. Magny Berit Solheim f. 1939
08.05. Aasta Bødal f. 1930

Olden

Døyppte:

18.03. Anders Kalhagen. For. Lisbeth Anita Mykløen og Lars Kalhagen
09.04. Isak Leigland. For. Sissel Kristin Åbrekk Leigland og Trygve Leigland
07.05. Massimo Ilias Barbantonis Kvamme. For. Maria Kassandra Foss Barbantonis og Isan Ingebrigt Kvamme Alim
28.05. Johanna Jordalen. For. Torunn Lærum Gjøringsbø og Martin Brøyn Jordalen

Vigde:

03.04. Alexandra Ivette Sørensen og Stig Erik Høgalmen
20.05. Hanne Revdal og Marius Valaker
27.05. Helga Skarstein og Birger Moen

Døde:

11.03. Kristi Nesje f. 1932
13.03. Stig Kvamme f. 1946
16.03. Bjarne Auflem f. 1943

17.03. Reidar Jostein Fagerlid f. 1941
11.05. Synneva Hatlelid f. 1947
18.05. Signy Amanda Åbrekk f. 1920

Innvik

Døyppte:

26.02. Sanne Berstad Heggdal. For. Alma Marie Krogh Berstad og Lars Benoni Heggdal

Døde:

10.03. Johan Rasmus Hopland f. 1954
14.03. Steinar Norvern Sandal f. 1938
26.05. Solveig Drageset f. 1929

Randabygda

Døyppte:

09.04. Ingrid Hjelle Hopland. For. Tonje Skeie Hjelle og Erlend Hopland

Døde:

24.05. Møyfrid Hopland f. 1940

Nordsida

Døde:

31.03. Per Heimlid f. 1945
29.04. Ivar Gausnes f. 1933
12.05. Bjarne Harald Gald f. 1940

Hornindal

Døyppte:

28.05. Mari Sande Årvik. For. Linda Haugesund Sande og Per-Sindre Årvik

Døde:

12.03. Kjell Aasebøstøl
19.03. Gunnvor Navelsaker
24.03. Jon Olav Ytrehorn
25.03. Eline Selma Lødemel
27.03. Karolina Grodås
01.04. Halfdan Arne Lødemel
10.04. Ola Andreas Espe

Vi les

Bibel saman!



Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Jesus mettar fem tusen

av Beate Nes



grupper. Det var over 5000 menneske der. Både menn, kvinner og barn.

Så tok Jesus dei fem brøda og dei to fiskane han fekk frå barnet, såg opp mot himmelen og bad takkebøna. Og han braut brødet og gav det til læresveinane, så dei skulle by rundt til folket. Dei to fiskane delte han òg ut, så alle fekk. Og alle åt og vart mette. Etterpå samla dei opp det som var att av brøda og fiskane, og det vart tolv fulle korgar.

Då folket såg det teiknet Jesus hadde gjort, ville dei gjera han til konge. Men Jesus var ikkje klar, difor drog han seg unna og gjekk opp i fjellet att, han åleine.

Gjennfortellinga av Markus 6 og Johannes 6

Til samtale

Det lille barnets niste vart nok mat til mange menneske. Korleis kunne det skje trur de?

Har vi noko vi kan gi til Jesus, som han kan hjelpe oss å dele med andre?

Det var travle dagar for Jesus og læresveinane. Folk kom for å treffe Jesus både tidleg og seint, så mange var det som kom og gjekk at dei ikkje fekk tid til å eta eingong.

Då sa Jesus til dei: «Kom med meg til ein aud stad der vi kan vera åleine, og kvil dykk litt!» Så drog dei ut med båten til ein aud stad for å vera for seg sjølve.

Men mange såg at dei drog bort, og kjende dei att, og frå alle byane kom folk springande og nådde fram før dei. Då Jesus steig i land, fekk han sjå ei stor folkemengd. Han fekk inderleg medkjensle med dei, og han gav seg til å undervisa dei om mange ting.

Men då det leid langt på dag, kom læresveinane til han og sa: «Det-



te er ein aud stad, og det er snart kveld. Send folket frå deg, så dei kan gå bort i grendene og landsbyane her omkring og kjøpa seg noko å eta.» Men Jesus sa til dei «De skal gje dei mat!»

Dei såg litt oppgitt på Jesus og sa: «Skal vi gå og kjøpa brød for to hundre denarar, så dei kan få seg mat?» Ein denar tilsvara ei daglønn, så det var mykje pengar, og ikkje var det sikkert det hadde blitt nok mat til alle heller.

«Kor mange brød har de?» spurde han. «Gå og sjå etter!»

Då dei hadde gjort det, sa dei: «Det er eit barn her som har fem byggbrød og to fiskar, men kva er det til så mange?» Då sa Jesus: «Lat folket setja seg.» Det var mykje gras der på staden, og dei sette seg i

Kyrkja sin sommarbingo

Besøk ei kyrkje  Stad:	Ver lenge oppe ein kveld 	Et 2 is på ein dag 	Plukk blomar 	Finn eit kors 
Et middag utandørs  Stad:	Finn ein døypefont 	Bygg sandslott 	Les/hør ei bibelfortelling 	Bade 
Smil/sei hei til nokon du ikkje kjenner 	Besøk ein turistattraksjon 	Besøk ei kyrkje  Stad:	Besøk nokon du er glad i 	Overnatt ein annan plass enn i eiga seng 
Send kort 	Hør songen «Hopp kenguru» eller «Det regner hjerter» på YouTube 	Lag ein kald sommardrikk 	Finn eit bilde av Jesus  Stad:	Ta med mat og gå på piknik 
Smør deg med solkrem 	Be ei bøn 	Rydd av middagsbordet 	Dans 	Besøk ei kyrkje  Stad:

Sett kryss forkvar ting du gjer. Klarer du fylle ei heil linje, eller kanskje heile brettet? Alle som har éi eller fleire fulle linjer får ein liten premie, og i tillegg trekk vi éin vinnar blant dei som har heile brettet fullt.

Namn:

Kontaktinfo:

Svarfrist 31. august.

Leverast til kyrkjekontoret i Stryn eller på mail til beate.nes@stryn.kommune.no



Kyrkja i indre Nordfjord
 DEN NORSKE KYRKJA

Fjordferd

BEGRAVELSESBYRÅ

STRYN • VOLDA • STAD



Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. **458 50 300**

- Vi er her for deg når du treng oss -
Siv-Carina Vikestad - Silje Svarstad

Gravminne

Namne-
tilføyinger

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå

FORNYA FASADE PÅ UTVIK KYRKJE

av Kari Synnøve Muri



Gamle vinduslister.

Det har i løpet av siste året blitt gjort ei utbetring av eksteriøret på Utvik kyrkje. Den lokale snikkaren Johan Berge er kjend for nøyaktig og fint snikkararbeid, og han har hatt god hand om prosessen. Hovuddøra har blitt isolert og rehabilitert, listverk er skifta rundt dei fleste av vindauga, lukene i tårnet



Johan Berge har gjort ein framifrå jobb med ytterdøra.


og ein del anna rote treverk er skifta og måla. Krava frå Riksantikvaren er at alt material som ikkje er rote eller øydelagt på anna måte, skal brukast om att, og det som må erstattast skal utførast med original utforming og material. Johan Berge har utført arbeidet på ein framifrå måte, og resultatet må gjerne



Nye vinduslister.

studerast nærare ved å ta ein tur rundt den vakre kyrkja. Siste del av arbeidet rundt inngangspartiet vert gjennomført denne våren.

Stor takk til Johan Berge for godt utført arbeid – det er verdifulle å ha så gode fagfolk i nærmiljøet!



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på facebook: **Kyrkje i Indre Nordfjord**
Heimeside: www.volda.kyrkja.no

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

02. juli; 5. s i treeiningstida

- Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Hege Høiby

09. juli; Aposteldagen / 6. s i treeiningstida – Luk 5,1-11

- Olden 11:00 Gudsteneste

- Selja, Selje 12:00 Seljumannamesse

16. juli; 7. s i treeiningstida – Luk 15,1-10

- Per Bolstads plass, Stryn 11:00 Friluftsgudsteneste

- Sølvbergstøyle, Nordsida 14:00 Friluftsgudsteneste

23. juli; 8. s i treeiningstida – Matt 6,19-24

- Innvik 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 19:00 Kveldsgudsteneste

29. juli; Olsok – Joh 12, 24-26

- Olden gamle 18:00 Olsokgudsteneste

- Oppstryn 20:00 Olsokgudsteneste

30. juli; 9. s i treeiningstida – Matt 11,28-30

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste

- Verlostøyle, Utvik 13:00 Støylsmesse

06. august; 10. s i treeiningstida – Luk 5,27-32

- Nordsida 11:00 Gudsteneste

- Anders Svor museum, Hornindal 12:30 Kulturgudsteneste

13. august; 11. s i treeiningstida – Matt 23,37-39

- Loen 11:00 Gudsteneste

- Utvik 11:00 Gudsteneste

- Bjørke 19:00 Kveldsgudsteneste

20. august; 12. s i treeiningstida – Matt 6,24-34

- Olden 11:00 Fyrsteklassesgudsteneste

- Hornindal 11:00 Gudsteneste for små og store. Utdeling av Alle gode ting. Skulestart

- Nedstryn 16:00 Førsteklassesgudsteneste

27. august; 13. s i treeiningstida – Matt 25,14-30

- Bombeneset, Oppstryn 11:00 Friluftsgudsteneste. Presentasjon av dei nye konfirmantane.

- Innvik 11:00 Gudsteneste. Presentasjon av dei nye konfirmantane

03. september; Vingardssøndag – Matt 20,1-16

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Presentasjon av dei nye konfirmantane

- Olden 11:00 Gudsteneste. Presentasjon av dei nye konfirmantane

- Nordsida 11:00 Gudsteneste. Presentasjon av dei nye konfirmantane

10. september; 15. s i treeiningstida – Matt 5,38-48

- Randabygd 11:00 Gudsteneste. Presentasjon av dei nye konfirmantane

- Utvik 11:00 Gudsteneste. Presentasjon av dei nye konfirmantane og konfirmantjubileum

- Bødal, Loen 12:00 Friluftsgudsteneste. Presentasjon av dei nye konfirmantane

16. September; Laurdag

- Hornindal 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste

17. september; 16. s i treeingstida – Mark 7,31-37

- Oppstryn 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok

- Nedstryn 19:00 Kveldsgudsteneste / salmekveld

24. september; 17. s i treeiningstida – Joh 11,17-29 og/eller 30-46

- Olden 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok

- Nordsida 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok.

01. oktober; 18. s i treeiningstida – Matt 8,14-17

- Nedstryn 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok

- Utvik 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok

- Hornindal 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok





PRESSEMELDING: **NORDFJORD FOLKEHØGSKULE – VARIGE SPOR I 100 ÅR**

«Reis ungdomsskulen!» sa Mathias Orheim. Slik starta historia om Nordfjord folkehøgskule. I 1923 tok skulen imot det første kullet på 86 ungdommar. 10 000 elevar seinare, tek vi hausten 2023, imot 130 nye. Gjennom heile denne tida har skulen vore ein viktig institusjon for læring, opplevingar og fellesskap. Gode og tenelege bygg, engasjerte tilsette og ei storarta plassering i Nordfjord har vore våre rammer frå starten av.

Skulen vart grunnlagt «for å verte ein god reiskap i arbeidet med å vinne ungdom for Kristus». Denne delen av arbeidet står fast, og vi veit at året på Nordfjord folkehøgskule får avgjerande betydning i mange menneske sitt val av tru og verdier.

No i jubileumsåret satsar vi framover: eit flott nybygg har stetta behovet for større matsal, og vi har kvitta oss med lekkasjer frå taket på hovudbygget. Fornøgde elevar melder tilbake at dei har det godt hos oss. Og vi vil fortsatt tilby nye generasjonar ungdomar sitt livs år på Vereide!

«Nordfjord folkehøgskule vil fortsette å gje nye generasjonar ungdomar tilbod om eit år med felleskap, læring og store opplevingar. Dette har sett varige spor i regionen og menneske gjennom 100 år!»

Vi inviterer til feiring av 100-årsjubileet 28. oktober! Meir informasjon kjem på Facebook!

Hildegunn Gjesdal Tennebø, rektor





Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden



"Livet er ei reise, himmelen er målet"

Foto: Geir-Ståle Vatnamo

Neste nummer får du i posten rundt 05. Oktober. Redaktør vert Jarle Hessevik.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: jarle.hessevik@eninvest.net innan 1. September.